

VG2BU
Fitjar Vidaregåande skule
5419 Fitjar

Fitjar Vidaregåande Skule
v/ rektor Leif Helge Engelsen
5419 Fitjar

VEDK. STUDIETUR TIL UKRAINA

BU-klassen har, som kjent, i over 10 år drevet eit humanitært prosjekt der ein har samla inn pengar til ein Barneheim og eit eldresenter i småbyen Bobrynes på landsbygda i den sørvestlege delen av Ukraina. Dette er i ein relativt fattig del av Ukraina og både barneheimen og eldresenteret har hatt små økonomiske midlar og eit stort behov for hjelp.

Ein kan seie at prosjektet har hatt to hovudfokus:

Det eine er at elevane skal få innsikt i, og engasjement for, internasjonale forhold og deler av verda som ikkje er like heldig stelt som me i Noreg.

Den andre delen er det me kallar ”ei reise i dannning”. Det vil seie å fysisk møte desse barneheimsbarna, den lokale kulturen, reisa i lag (under kummarlege forhold) og læra kvarandre å kjenna, og fråværet av dei goda me tek for gitt.

Dei siste 3 åra har me valt å ikkje / ikkje fått lov til å reise dit på grunn av den pågående konflikten mellom Ukraina og Russland.

Me ynskjer med dette å be om at VG2BU får lov til å reisa på studietur til Bobrynets i Ukraina våren 2017.

Grunngjevinga er følgjande:

I starten av konflikten i 2013 var det relativt stor tvil omkring korleis situasjonen ville utvikle seg. Etter demonstrasjonane i på Majdan-plassen i Kiev i 2013 så har konflikten i hovudsak gått føre seg i den austlege delen av Ukraina og hovudsakleg i fylka Donetsk og Luhansk, samt på Krim-halvøya. Dette er område med ein russisk populasjon på ca 75%, og der folkeavstemmingar har synt at dei ønskjer tilknyting til Russland. Etter Minsk II avtalen 11. februar 2015, og etter at våpenkvila trådde i kraft den 11. september 2015, har det vore relativt stabilt også i desse områda, sjølv om landet framleis har store politiske og økonomiske utfordringar.

Vi meiner at det pr. dato er relativt trygt å reisa til Bobrynets Ukraina, og at det ikkje er noko større risiko å reisa dit enn det var før 2013, eller å reise til ein storby, eller andre turistmål i Europa, og at det faktisk er større risiko å reise til t.d. Paris, London, Tyrkia, Hellas eller Egypt.

Me byggjer dette bl.a. på Utanriksdepartementet sine eigne reiseanbefalingar og vurderingar av situasjonen i Ukraina, - der det m.a. heiter:

"til tross for den vanskelige økonomiske situasjonen og urolighetene de siste to årene, er situasjonen i størsteparten av Ukraina stabil, og de fleste reiser gjennomføres uten spesielle problemer. For vanlige reisende er den største risikoen knyttet til dårlig infrastruktur og transportsikkerhet. Samtidig er sikkerhetssituasjonen i fylkene Donetsk og Luhansk fortsatt uoversiktig og Krim er okkupert."

Vår reise er langt frå ovannemnde område, og til samanlikning så er det 88,9 % Ukrinatarar i det fylke me reiser til. Me har og hatt kontinuerleg kontakt med våre samarbeidspartar i Bobrynets Ukraina, og dei rapporterar at dei ikkje har registrert følgjer av konflikten, utøve at økonomien har blitt dårlagare og at det har vore ei viss tilstrøyming av folk frå den konfliktfylt delen, noko som har medført eit press på arbeids- og bustadmarknaden.

Vidare seier Utanriksdepartementet at dei få bombeaksjonane som har funne stad andre stader i Ukraina har vore symbolske, og utførd på tider og stader der ein ikkje har hatt intensjonar om å ramme liv og helse. Det er heller ingen aksjonar som har vore retta mot utlendingar. Utanriksdepartementet rår likevel norske borgarar til å halde seg borte frå demonstrasjoner, store folkemengder og dei nemnde tre regionane i aust, - noko me sjølv sagt har alle intensjonar om å følgje.

Me søker om ei prinsippavgjerd om reise til Bobrynets, Ukraina under føresetnad av rådande forhold. Me er forstår sjølv sagt at ei slik godkjenning kan reverserast til eit kvart tidspunkt dersom tilhøva i Ukraina / regionen endrar seg. Dette er sjølv sagt også i vår eigen interesse og me vil til ein kvar tid halde oss oppdatert via ambassadens og Utanriksdepartementet sine nettsider

Denne og ytterlegare informasjon kan ein få her:

https://www.regjeringen.no/no/tema/utenrikssaker/reiseinformasjon/velg-land/reiseinfo_ukraina/id2429141/#praktisk

Fitjar 07. desember 2016

Med venleg helsing

Sissel Jørgensen
Sissel Jørgensen
Kontaktlærarar på VG2BU

Erling K. Grov